

• ÅRSMELDING FOR SYVDE SOGELAG FOR 2023

Årsmøtet vart halde i Kristitunet 17. april 2023. Det var 15 frammøtte. Årsmelding og rekneskap vart godkjent. Rekneskapet synte eit overskot på kr. 44.641. Laget hadde i 2023 98 medlemmer og ein Æresmedlem.

I Kristitunet har gamlestova vorte måla. Glasa på hovedhuset har også vorte måla. Det er rydda kratt i tunet, og graset har vore slått. Alt er gjort på dugnad.

Under Kosterikjedagane var det ope hus med bra besøk. Asbjørn Lade var som vanleg populær foredragshaldar. Etter initiativ frå Sissel Myklebust var det i haust Egil Landsverk kveld. Sissel las dikt, og fleire fortalde om den kjende bygdediktaren.

Syvde Sogelag har fått grasrotandel (frå Norsk Tipping) på snart kr. 19.000. Vi har og fått kommunal stønad på kr. 2.780.

Heimesida finn ein på <https://sogelagaivanylven.no/syvdesogelag/>. Jostein Nordvik har laga til heimesida. Det er meininga at det etter kvart skal leggest til meir.

På siste årsmøtet var det stemning for å starte opp med ny bygdesoge. Vi har vore i kontakt med Olav Myklebust frå Gursken som vi vil ha som redaktør.

Styret: Geir Nordal, leiar, på val kvart år. Geir Sandnes, nestleiar, ikkje på val, Magne Berge, kasserar, på val i år. Gustav Landsverk, styremedlem, på val i år. Eli Nygård, styremedlem, ikkje på val i år. Varafolk: 1. Mindor Gjerde, 2. Laila Gjerde, 3. Magnhild Stranden.

Medlemer i skrifstyret for «Fotefar»: Asbjørn Lade, Olav Opsal. Dei er ikkje på val.

Museumsnemnd: Sissel Myklebust, John Myklebust og Olav Harald Vik. Dei er ikkje på val.

Revisor: Knut Brudevoll. På val.

Styret har halde 2 møte og handsama 5 saker.